



Tretelet som allereie står på Rabben

Når kommunen no har gjeve generelt grønt lys for byggjing av tretelt til campingvagnar på Rabben Feriesenter og Øyro Marina, blir det gjeve løyve på løpande band. No er det godkjent meldingar om tre tretelt på området, alle på 15 kvadratmeter.

* Sigmund Skjoldal som bur i Sem ved Tønsberg har fått løyve for byggjing på Rabben og Øyro.

* Magni Håkongsdotter Utne som bur på Nå har fått løyve for byggjing på Rabben.

* Emil Gunnar Vatna som på Stord har fått løyve for byggjing på Rabben og Øyro.

Eit av vilkåra som gjeld for alle er at tretelta ikkje skal vera større enn 15 kvadratmeter, eit anna at største breidde ut frå vagna skal vera 3 meter og ei tredje at terrassar maksimalt skal vera 15 kvadratmeter.

Fortelt og tretelt (inklusive takutstikk) skal ikkje vera lengre enn campingvogna.

Det skal vera einsarta utforming og fargebruk på campingplassen.

Av Ola Matti Mathisen